

Bygde heim i utmarka for 13.000 kroner

Det var ikkje så lett for Ingvald og Kristina Tomren å få seg tomt til hus kring 1920. Nokre sa det ikkje var plass til fleire - dei måtte flytte ut. Men til slutt fekk dei kjøpe to mål tomt i utmarka, kilometeren frå det sentrale fiskeværet Ullahammaren.

Ola - Ole M.

Det er Petter Tomren på Haramsøy som fortel til Haramsnnytt. Petter er yngste son til Ingvald og Kristina Tomren, og kan fortelje at faren har skrevet ned alt i samband med huskjøpet:

Måtte flytte ut

-Far dreiv med fiske og i 1913 kosta han på seg ny båt. Han vaks opp på Ullahammaren, og der budde han og mor mi, Kristine, i første tida etter at dei vart gift i 1916. Men dei ville gjerne ha sitt eige hus, og Ingvald spurte fleire.

Svara var så ymse, mellom anna fekk han høre at det ikkje var plass til fleire på Haramsøy, dei måtte flytte ut - det hadde ikkje vore i dag, humrar Petter:

-Hans Aarsund inn i Brattvågen fekk høre om husjakta deira, og ville gjerne hjelpe. Men Brattvåg vart for langt unna for ein som dreiv sjøen, meinte Ingvald. Til slutt kom Nils J. Ulla og sa at han skulle få kjøpe to mål utmark i Håvika for 500 kroner, og slik vart det.

13.000 kroner

Far førte nøye byggeregnskap og vi veit at huset i Håvika kom på 13.000 kroner. Av desse pengane gjekk det med ein tusenlapp til tak, ein tusenlapp til glas og dører og ein tusenlapp til murane. For å få nok kapital måtte han ta opp eit lån på 10.000 kroner i



Det raudmåla huset i Håvika kosta Ingvald og Kristina Tomren 13.000 kroner å bygge i 1920. Men så fekk dei seg også ein fin heim.

Ein bunkers

Denne bunkersen er det mange som har passert, men sikkert ikkje sett, sjølv om han ligg berre nokre meter frå riksvegen.

Meir skriv vi ikkje - resten er opp til deg. Svaret må vi ha innan onsdag 3. januar, så denne gongen har du god tid til å tenke deg om.

Vinnaren får heiderleg omtale i Haramsnnytt og ein fargefilm i posten. Svaret kan du sende til: Haramsnnytt, boks 53, 6282 Brattvåg, eller fax: 70 21 52 23, eller straumpost: haramsnytt@online.no.

Lukke til

Kvar er dette?



Kvar ligg denne bunkersen?

Tunnelopningar

Den inste Remmefjelltunnelen vart opna i 1954, den nyaste vart teken i bruk i 1975, opplyser Petter Bjørlykstøl.

Juryen takkar for opplysningane, og ønskjer både han - og alle andre - ei retteleg god jul og eit knakande godt nytt år.

Haram Sparebank.
Men det vart eit fint hus og etterkvart kom det til to jenter og to gutter. Eg er yngst, født i 1929, fortel Petter Tomren.

Ullahammaren skulestad
Borna gjekk på skule i Ullahammaren, som vart nærmeste tettstad, omlag ein kilometer heimanfrå. Det kunne nok vere stridt å kome seg fram på dei mest verharde dagane, men det var ingen som tenkte på skuleskyss på den tida.

Godt vedlikehald

På -60-talet vart huset sold, og har sidan vore nytta som feriehus. Då vart også straumen kutta, feriebuarane fann det ikkje naudsynleg å halde straum heile året.

-Noverande eigar, som bur på Gjøvik, har sett opp ei lita vindmølle, og elles held dei huset godt vedlike. Det er triveleg å sjå, seier Petter.

Vinnaren

Det er mange som kjenner at huset i Håvika. Den vart trekt ut bur i Skien, og heiter Peder Tomren. Ingvald og Kristine var onkel min, fortel Peder, som sjølv har vitja staden mange gongar. Både Ingvald og kona, Kristine Petterdtr. Fjørtoft var fødd i 1893, fortel Peder. Han tykkjer det er fint å fylge med det som skjer i Haram gjennom Haramsnnytt. No får han ei helsing frå oss i posten.